



Ståle i arbeid med å skifte pærer på julegrana i går. Denne jobben er slett ikkje for pyser, men eg kan beroliga med at han er sikra.

Ja, også i går, 3.juledag, har Ståle Eik og Knut Stensletten vore til topps i den vakre julegrana vår. Same operasjon vart gjennomført laurdag før jul for at Julagrano skulle lysa vakrast mogeleg då vi gjekk inn i julehøgtida.

Vergudane har ikkje vore særleg samarbeidsvillige dette året, og det har gått hardt utover lyspærerene på grano som vi er så stolte av. Laurdag før jul gjorde Ståle og Knut ein framifrå jobb saman med Lars Myklebust som var bakkemannskap. Grano lyste på sitt vakraste, men alt dagen etter sette nye stormkast i gang, og gjennom julehelga fekk grano svært hard medfart av vergudane.

3. juledag var Ståle og Knut igjen på plass, denne gongen med underteikna som vikarierende bakkemannskap. I nydeleg, stilt vinterver med temperatur rundt 0 grader vart opp mot 40 pærer skifta, og julagrano lyser igjen slik vi ønskjer å sjå ho.

No er det berre å håpe at vi slepp unna nye stormkast slik at alle dei 71 pærene får kasta vakker og lysande juleglans over bygda.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Inga Tveito



Ståle og Knut på vei til topps! Dei kraftige vindkasta har sytt for mykje utskifting av lyspærer i fleire omgangar.